

---

**Fra:** Jon Åge Giske Andersen <[Jon.Age.Giske.Andersen@alesund.kommune.no](mailto:Jon.Age.Giske.Andersen@alesund.kommune.no)>

**Sendt:** tirsdag 12. desember 2023 08:45

**Til:** HMN Postmottak <[HMN.Postmottak@helse-midt.no](mailto:HMN.Postmottak@helse-midt.no)>

**Emne:** Sv: Samla uttale frå ordførarane i Ålesund, Molde og Kristiansund

Hei,

Det er ønskelig at uttalelsen sendes videre til styreleder i Helse Midt-Norge.

Venleg helsing

**Jon Åge Giske Andersen**

Kommunikasjonsrådgiver, politikk og kommunikasjon

Mob. 41 46 40 35 | 70 16 20 00 (sentralbord)

[jon.age.giske.andersen@alesund.kommune.no](mailto:jon.age.giske.andersen@alesund.kommune.no)

[www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no)

[Følg oss på Facebook](#)

OPEN – ENGASJERT - MODIG

---

**Fra:** Jon Åge Giske Andersen

**Sendt:** mandag 11. desember 2023 15:39

**Til:** [postmottak@helse-midt.no](mailto:postmottak@helse-midt.no) <[postmottak@helse-midt.no](mailto:postmottak@helse-midt.no)>

**Kopi:** Jon Steven Hasseldal <[Jon.Steven.Hasseldal@alesund.kommune.no](mailto:Jon.Steven.Hasseldal@alesund.kommune.no)>; Ersvik, Per Sverre

<[per.sverre.ersvik@hustadvika.kommune.no](mailto:per.sverre.ersvik@hustadvika.kommune.no)>; Arne Ingebrigtsen

<[Arne.Ingebrigtsen@kristiansund.kommune.no](mailto:Arne.Ingebrigtsen@kristiansund.kommune.no)>; Synnøve Vasstrand Synnes

<[Synnove.Vasstrand.Synnes@alesund.kommune.no](mailto:Synnove.Vasstrand.Synnes@alesund.kommune.no)>; Johansen, Hilde

<[hilde.johansen@molde.kommune.no](mailto:hilde.johansen@molde.kommune.no)>; Aasen, Marianne Stokkerei

<[marianne.aasen@molde.kommune.no](mailto:marianne.aasen@molde.kommune.no)>; Eva Mariann Vinje Aurdal

<[Eva.Mariann.Vinje.Aurdal@politikar.alesund.no](mailto:Eva.Mariann.Vinje.Aurdal@politikar.alesund.no)>

**Emne:** Samla uttale frå ordførarane i Ålesund, Molde og Kristiansund

# Ålesund, Molde og Kristiansund bekymra for utsett innføring av Helseplattformen

For Ålesund, Molde og Kristiansund kommunar er det beklageleg at det er vedtatt ei utsetting av innføring av Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal.

Innføring av eit felles journal- og samhandlingssystem har som mål å gi betre og meir saumlaus informasjonsflyt, og mindre byråkrati mellom nivåa i helsetenestene. Når Helse Møre og Romsdal no har vedtatt å utsette innføring av Helseplattformen, vekker det stor bekymring hos oss.

Ein viktig føresetnad for kommunane sitt val om å innføre Helseplattformen var den betra samhandlinga vi skulle få med spesialisthelsetenesta. Ei utsett innføring vil bety at kommunane ikkje vil få henta ut desse gevinstane så snart som vi hadde håpa.

Utsett innføring for Helse Møre og Romsdal vil også medføre store kostnader, som truleg må dekkast innafor helseføretaket sine driftsrammer. Vi er bekymra for dei konsekvensane dette vil få for helsetilbodet til innbyggjarane i vår region, og også for at fleire oppgåver då kan bli velta over på dei kommunale helsetenestene.

Kommunane har hatt ei vellykka innføring av Helseplattformen, og ser allereie at systemet har potensiale for vesentlege driftsfordelar. Riktige og oppdaterte pasientopplysningar i sanntid sikrar riktige tenester til den enkelte innbyggjar, og sparar tenestene for tungvinte, manuelle prosessar for informasjonsinnhenting.

Vi ser også at samhandlinga internt i kommunane er vesentleg forbetra. Eit konkret eksempel frå Ålesund kommune er at vi no greier å handtere utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Med Helseplattformen har det blitt enklare å få oversikt over ledig kapasitet, og over eigen ressursbruk. Betre tilgang på informasjon, har saman med nye rutinar ført til betre pasientflyt.

Både Molde og Kristiansund kommune tok i bruk Helseplattformen 3.november i år, og innføringa har så langt gått som forventa. Det er ikkje meldt om alvorlege feil i kommunane.

Med desse gode erfaringane frå eigen innføring, er det då synd å sjå at gevinstane frå betra samhandling med spesialisthelsetenesta vil måtte vente.

Det som skil Møre og Romsdal frå Trøndelag, er at vi har tusenvis av menneske i byane som no både meistar og bruker Helseplattformen dagleg. Vi vil sjølvsagt stille opp med kompetansen vår for å hjelpe helseføretaket i innføringa og sørge for trygge, effektive og sikre pasientforløp.

Signert,

Eva Vinje Aurdal  
Ordførar i Ålesund kommune

Trygve Grydeland  
Ordførar i Molde kommune

Kjell Neergaard  
Ordførar i Kristiansund kommune

Venleg helsing

**Jon Åge Giske Andersen**

Kommunikasjonsrådgiver, politikk og kommunikasjon  
Mob. 41 46 40 35 | 70 16 20 00 (sentralbord)

[jon.age.giske.andersen@alesund.kommune.no](mailto:jon.age.giske.andersen@alesund.kommune.no)



ÅLESUND  
KOMMUNE

[www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no)

[Følg oss på Facebook](#)

**OPEN – ENGASJERT - MODIG**